

## **Reglement for folkvalde / folkevalde organ sin innsynsrett i Odda kommune. Vedteke av kommunestyret i sak 22/13**

Reglementet er utarbeidd i samsvar med pålegg gitt i kommunelova § 40 nr 5 :  
" Kommunestyret / fylkestinget skal selv fastsette et reglement for de folkevalgtes rett til innsyn i saksdokumenter og til informasjon om saker som er under behandling"

Departementet sitt forslag er:

**Veiledende normalreglement for folkevalgtes innsynsrett - kommuneloven § 40 nr. 5**

**Publikasjonsnummer H-2142**

Bakgrunn:

### **Innledning**

Kommuneloven § 40 nr. 5 fastsetter at alle kommuner og fylkes-kommuner skal vedta et reglement om folkevalgtes innsynsrett. Departementet antar det kan være nyttig å ha et utgangspunkt for arbeidet i den enkelte kommune og fylkeskommune og har derfor utarbeidet et veiledende normalreglement som er inntatt i dette heftet. Veilederen ble første gang utgitt i 1994. I denne reviderte utgaven er det foretatt endringer i punkt 4 med hensyn til folkevalgtes plikt til taushet om opplysninger som kommer frem i lukkede møter. Dette skjer på bakgrunn av at juridisk teori om adgangen til å instruksfeste taushetsplikt er blitt utviklet og endret i løpet av de siste årene.

Reglementet er skrevet både på nynorsk og bokmål. Vi har søkt å utforme reglementet så fleksibelt at det kan tilpasses ulike organisasjonsmodeller i kommunene. Reglementet er likevel ikke anvendelig i kommuner eller fylkeskommuner med parlamentarisk styringssystem.

Det er i vår lovgivning ikke gitt særskilte bestemmelser om hvilken rett folkevalgte har til innsyn i saksdokumenter. Ved utarbeidelsen av kommuneloven ble slik lovfesting vurdert, men ikke funnet hensiktsmessig. Det ble imidlertid innført et pålegg om utarbeidelse av lokale reglementer/regler om slike forhold. Disse bør ta utgangspunkt i ulovfestet rett, slik vårt normalreglement gjør.

I forarbeidene til kommuneloven, Ot.prp. nr. 42 (1991-92) kapittel 14.5, er det vist til **to grunnlag for folkevalgtes rett til innsyn i saksdokumenter:**

- 1. For å skaffe det best mulige grunnlag for de vedtak som treffes**
- 2. Det overordningsforhold som folkevalgte organ har over administrasjonen.**

Ut fra kommunestyrets og fylkestingets generelle overordnede myndighet og tilsynsansvar, har vi lagt til grunn at disse bør ha en mer omfattende innsynsrett enn andre folkevalgte organ. Hvorvidt også formannskapet og fylkesutvalget bør ha en slik generell innsynsrett, vil etter vår mening avhenge av den rolle den enkelte kommune/fylkeskommune har gitt disse organene.

Vi har i reglementet sidestilt formannskap og fylkesutvalg med faste utvalg og andre folkevalgte organer. **Dersom disse organene har generelt ansvar for å forberede og innstille i alle saker til kommune-styret/fylkestinget, vil det være naturlig at retten til innsyn er identisk.»**

Merknad :

I Odda har og Driftskomiteen og Utviklingskomiteen innstillingsrett til kommunestyret. Det vert lagt til grunn at dei to nemnde komiteane og andre direkte folkevalde organ med innstillingsrett til kommunestyret, har den same innsynsretten som formannskapet

Kontrollutvalgets innsynsrett er regulert i § 6 i Forskrift om kontrollutvalg (til kommunelova § 60 nr. 9) av 13. januar 1993.

**Begrepet folkevalgt i kommuneloven omfatter alle medlemmer av organ som er opprettet av kommunestyret eller eventuelt andre politiske organ.**

**Dette reglementet vil dermed omfatte**

Direkte folkevalgte (i kommunestyret og fylkestinget), direkte og indirekte valgte politiske representanter i alle typer nemnder, ansattes representanter i partssammensatte utvalg og driftsstyrer samt brukerrepresentanter i driftsstyrer og lignende.

Det er antatt at folkevalgtes **innsynsrett også omfatter dokumenter som er unntatt offentlighet** etter reglene i offentlighetsloven §§ 5 og 6. Innsynsretten tilligger det folkevalgte organet som sådan og ikke det enkelte medlem. Dette har sammenheng med at **kompetansen er knyttet til organet**, og at det enkelte medlem ikke har rett til å instruere administrasjonen.

NB !Det enkelte medlem har **likevel** rett til å kreve innsyn i dokumenter som er innhentet eller utarbeidet i tilknytning til en konkret sak som skal behandles i det folkevalgte organet der vedkommende sitter. Dette er presisert i reglementet. Ut over dette vil vi tilråde at offentlighetsloven praktiseres lempelig i forhold til henvendelser fra enkeltmedlemmer i folkevalgte organer. Etter § 2 tredje ledd i offentlighetsloven plikter for øvrig alle forvaltningsorganer nå å vurdere meroffentlighet.

**Dokumenter som inneholder taushetsbelagte opplysninger skal i utgangspunktet ikke gjøres kjent for folkevalgte organ.** Her må de strenge kriteriene i forvaltningsloven § 13 b nr. 2 og 4 legges til grunn. Som regel vil det være slik at et folkevalgt organ har tilstrekkelig grunnlag for behandling av saker selv om taushetsbelagte opplysninger er anonymisert eller lignende. **Et folkevalgt organ kan imidlertid kreve innsyn i også taushetsbelagte opplysninger når det er et klart behov for dette i forbindelse med behandling av en konkret sak.** Regler om dette er tatt inn i reglementets punkt 4.

Etter denne generelle innledningen følger teksten til selve reglementet - først på nynorsk. Etter bokmålsversjonen følger merknader og kommentarer til det enkelte punkt i reglementet.

For enkelthets skyld har vi valgt bare å bruke begrepene for kommunalforvaltningen, så som kommune, kommunestyre, formann-skap m.v. Dette krever at fylkeskommunene foretar nødvendig "oversettelse" til sine forhold.

Veilederen finnes også på KRDs nettsider,

<http://www.odin.dep.no/krd/norsk/publ/veiledninger>

---

## **Vedatt i Odda kommunestyre i sak 22/13:**

### **Reglement for folkevalde sin rett til innsyn i Odda kommune**

Kommunestyret og andre folkevalde organ sin rett til innsyn i saksdokument

#### **1.1**

Kommunestyret har som overordna organ for all verksemd i kommunen rett til innsyn i **alle kommunale saksdokument**, med dei presiseringar som følgjer av reglane nedanfor.

## 1.2

Formannskapet, faste utval og andre folkevalde organ har rett til innsyn i saksdokument når desse gjeld dei delane av kommunen si verksemd som organet handsamar. I tillegg kan desse organa krevje innsyn i dokument som ligg innanfor andre delar av den kommunale verksemda, når dette er naudsynt ved konkret handsaming av ei sak i organet.

## 2. Vedtak om innsyn

### 2.1

Medlem og varamedlem av folkevald organ har rett til innsyn i dokumenta i saker som skal handsamast i organet.

### 2.2

Minst **tre** medlemmer i kommunestyret kan krevje innsyn i alle kommunale saksdokument når **tidspunktet for innsyn ligg føre**, jf. pkt. 3. Ordføraren har sjølvstendig rett til innsyn i alle saksdokument på tilsvarande grunnlag.

### 2.3

Formannskapet, faste utval og andre folkevalde organ kan vedta innsyn for sin eigen bruk i andre organ sine dokument når minst 1/3 av medlemene røystar aktivt for det.

## 3. Tidspunkt for rett til innsyn

### 3.1

Retten til innsyn tek til å gjelde når saka er framlagd/send til politisk handsaming. Saman med saksframstillinga skal det / så langt som råd er / følgje ei oversikt over alle dokumenta som er innsende, innhenta eller utarbeidde i samband med saka, med unntak av interne arbeidsdokument for administrasjonen.

### 3.2

For saker som skal avgjerast i administrasjonen gjeld retten til innsyn først når saka er ferdig handsama.

## 4.0 Særskilde reglar for innsyn i opplysningar undergjevne teieplikt m.m.

### 4.1

I utgangspunktet gjeld ikkje retten til innsyn opplysningar som er underlagde teieplikt. Kommunestyret og andre folkevalde organ kan likevel ved **fleirtalsvedtak** krevje innsyn i slike opplysningar når dette er naudsynt ved handsaming av ei konkret sak i organet, jf. forvaltningslova § 13 b nr. 2 og 4.

### 4.2

Folkevalde har teieplikt i høve til dokument som er underlagt teieplikt etter lov. Om ei sak vert handsama for stengde dører etter kommunelova § 31, pliktar dei folkevalde å teia om dei opplysningane som er underlagt teieplikt etter lov.

## 5. Framgangsmåten ved krav om innsyn - tilhøvet til administrasjonen

### 5.1

Vedtak i folkevalde organ om innsyn i saksdokument skal handsamast straks og i samråd med rådmannen

Førseparnad frå einskildperson( folkevald) om opne dokument som er under arbeid går til sakshandsamar. Førseparnaden skal avvisast dersom saka/ dokumentet ikkje er ferdigstilt.

1.1 Om saka er ferdigstilt **skal** sakshandsamar syta for at den som spør får tilgang til dokumentet parallelt med at saka vert sendt til det aktuelle organet som skal ha den. Om saka skal avgjerast administrativt skal den som ber om innsyn få tilgang til dokumentet utan unødig opphald. Om sakshandsamar er på ferie / sjukemeldet m.v. og det må ventast å bli så lenge at informasjonen ikkje kjem fram før møtet i det aktuelle folkevalde organet –skal spørjaren bli vist til leiar for sekretariatet for å få tilgang til dokumenta/ saka

1.2 **Om dokumentet er underlagt teieplikt** vert førseparnad frå einskildpersonar avvist.

Om eit folkevald organ har fatta vedtak om innsyn som tilfredsstillar krav etter pkt. 4 nr 1 etter dette reglementet går førseparnaden til rådmannen til avgjerd. Om førseparnaden ikkje gjer det, vert den avvist av den som mottek den.

*Den som mottek ein slik førseparnad har då eit ansvar for å sjekka ut det faktiske grunnlaget for å gje ut slik informasjon er til stades*

1.3 Om førseparnaden vert imøtekomen har rådmannen ansvar for at spørjaren også vert informert om kva plikter og ansvar det medfører å få tilgang til teiepliktig informasjon.

### 6.0 Andre bestemmelsar / føringar

6.1. Spørsmål til administrasjonen om saker som er under handsaming skal det så langt råd er svarast positivt på ved at det blir gjeve ei kort orientering for det aktuelle organet om måten saka blir handsama på, tidsplan o.l.

6.2. Det er å merka seg at dette reglementet **avgrensar** seg til innsyn i saksdokument og til informasjon om saker som er under handsaming.

6.3 Reglementet opnar **ikkje** tilgang til kommunale økonomisk/ administrative system (som t.d.- økonomi-, personal- post- / arkiv- og sakssystem).

Her vil følgjande gjelda :

1. Folkevalde i Odda har ikkje elektronisk eller fysisk tilgang til kommunen sine økonomisk / administrative system. Unntak av ordførar / varaordførar i utøving av vervet som ordførar.
2. Odda kommune sitt intranett er ikkje tilgjengeleg for folkevalde.

Rutinebeskrivelsar, søknadsskjema, skjema som omfattar også folkevale som t.d. reiserekningsskjema vert lagt ut på kommune si internettside.